


Folkestyre og fellesskap

*Lokaldemokrati-
bygging
i historisk lys*

Lokaldemokratikonferansen
Lillestrøm, 13. juni 2017









Lokaldemokratipolitikk, takk?

- Ein medviten politikk-politikk kan redde viktige omsyn frå å drukne
- Men: Visse farar ved å gjere lokaldemokrati til «eit tema i seg sjølv»

- Lokalpolitikk er noko «dei andre» arbeider med
- Lokaldemokrati lett oppfatta som ein motsetnad til andre føremål og verdiar; ein *ekstrakostnad*

«Kva er viktigast for deg, demokrati eller gode tenester?»

«Kor mykje demokrati har vi råd til?»

Kommunens kjerneverdi: han er *politisk*

- Fangar folkeviljen, realiserer folkeviljen
- Kommunens historiske bidrag
 - 1) *Som velferdskommunar*
 - 2) *Som velferdsstatlege kommunar*
 - 3) *Som drivkraft i det nasjonale demokratiet*

Velferdskommunen

- Velferdssamfunnet vokst fram nedanfrå
- Kommunal innovasjon og pionerverksemd; lokal prøving og feiling
- Gode idear «smitta» andre kommunar – og staten

Også i dag; seksårsreform, SFO, kontantstøtte og den kulturelle skulesekken er døme på nasjonal politikk fødd av lokale initiativ

Den velferdsstatlege kommunen

- Frå autonome einingar til ein berebjelke i velferdsstaten
- Viktig: Kommunen valt *fordi* han var politisk, ikkje trass i at han var politisk
lekmannsstyre, lokalt engasjement og innsikt mobilisert for nasjonen; sikra differensiert styring, likeverd og lokal legitimitet
- Demokrati som føresetnad for effektivitet!

Kommunen som demokratisk drivkraft

- Forvandla nordmenn frå lydige undersåttar til demokratiske medborgarar
- Kommunen også ein demokratipioner: Raskare å reformere, høveleg til utprøving
- Kommunen som inngangsbillett til (og drivkraft i) rikspolitikken

Meir gjennomgripande enn dagens reform

- Tal på kommunar redusert på 40 prosent; innebar i mange tilfelle *oppsplitting* av eksisterande kommunar
- Større statleg autoritet bak reforma (men stort rom for lokal medverknad!)
- Fleire kommunar fekk store problem – har fått forme ettermælet; ei «tvangsreform»

«Det synest (...) som om det ved samanslåinga vart lagt altfor lite vekt på skilnad i folkelynne og andre psykologiske faktorer. Desse faktorene har ført til dårleg samarbeid og resignasjon som igjen har ført til at alle deler av storkommunen har vorte skadelidande.»

Aksjonsutvalet for Stordal etter «tvangssamanslåing» Skodje, Stordal, Ørskog. NOU 1974:14, s. 51.

«Ingen av de forespeilte fordeler ved sammenslutning har funnet sted. De to folkegruppene er isolert følelsesmessig, kulturelt, økonomisk og sosialt. Ingen integrering kan påvises mellom Moskenes og Flakstad. De sosiale, kulturelle og økonomiske tiltak som fantes i hver av småkommunene, har fortsatt å utvikle seg isolert og uavhengig av hverandre.

Knapt en eneste ny fellesfunksjon for storkommunen er blitt etablert i løpet av disse 8 årene. Istedendfor samarbeid mellom disse to enhetene har en hatt en stillingskrig som har ført til at standpunkter og holdninger mot hverandre har blitt stadig stivere og striksere og fjernet de to enhetene stadig mer fra hverandre.»

Utredningsutval i Moskenes etter «tvangssamanslåing» Moskenes og Flakstad. NOU 1974:14, s. 74.

Men:

Det gjekk stort sett bra!

Ein gullalder for politisk entreprenørskap

- Kommunal ekspansjonstid utan like
- Alltid «litt meir pengar til neste år»

- Nye tenester, institusjonar osb. veleigna til sterkare/breiare politisk engasjement

Ungdomsskulen eit samlande prosjekt, politisk - og sosialt

Kva med i dag?

- Frå ekspansjon til vedlikehald: ikkje like motiverande
- Men behovet for å definere fellesprosjekt like stort!

Størst rom for innovasjon: frå *velferd/skule* til *næringsutvikling/samferdsle/kultur/regionalpolitikk?*

Kommunen som identitetsfellesskap

Kommunen som

- organisasjon
- geografisk ramme
- sosialt fellesskap



Nasjonsbygging i
lokal målestokk

- Ekspertutvala: velfungerande lokaldemokrati krev samkjensle og felles identitet

Dei nye kommunane må arbeide «*aktivt for å utvikle en felles identitet, blant annet gjennom å identifisere felles utfordringer, visjoner og mål for framtidig utvikling*» (Vaboutvalet 2014, s. 126).

Historie og identitet: eit problem?

- Nettopp *historia* teken i bruk som ressurs
 - Nekrolog over det gamle
 - Bygge opp og profilere det nye
 - Grunnlag for forsoning og basis for ny identitet

Historia som lokkemiddel

- I dag: omdøme og kommunal branding: historia og bygging av fellesskap som indremedisin og lokkemiddel (attraktivitet)
- Nasjonsbygging merkevarebygging bygd på klisjear og utan fagleg substans er kontraproduktivt

Kommunen er meir enn kommunen

- Lag og organisasjonar
- Lokalpresse



formar kommunen
som politisk og
sosialt fellesskap

- Ein kulturpolitikk som er spesielt vaken for sivilsamfunnet no i overgangsfasen
- Kommunal informasjonspolitikkk kan aldri kompensere for uavhengig lokalpresse

Den viktigaste historiske lærdomen

- Kommunane må verne om politikken, og synleggjere at han representerer ein meirverdi



Aldri kan eit styre ovanfrå bli så godt at det kan vega opp summen av den intelligens, kraft og interesse som det kommunale sjølvstyret set i verksemd i eit nokolunde opplyst og vake folk.

Aldri kan det meistra detaljane i eit stort folk slik som folket kan gjera det sjølv gjennom sine egne valde tillitsmenn.»

(Arne Bergsgård, 1937)